

Campus Hamar

Malin Aarhus Olsen

Bacheloroppgåve  
Norsk folkemusikk i grunnskulen

Norwegian folk music in primary school

Faglærerutdanninga i musikk

2018

Samtykker til tilgjengeliggjøring i digitalt arkiv Brage

JA  NEI

## Norsk samandrag

Tittel: Norsk folkemusikk i grunnskulen

Forfattar: Malin Aarhus Olsen, 2018

Antall sider: 31

Emneord: Musikkundervisning, norsk folkemusikk, metodikk

Denne oppgåva omhandlar bruken av norsk folkemusikk i musikkundervisninga i grunnskulen. Ved hjelp av eit stratifisert utval vert ein byskule og ein distriktskule plukka ut for innhenting av empiri. Oppgåva skisserer nokre tilnærmingar til norsk folkemusikk i musikkundervisninga i grunnskulen, og ser på kva slags plass den norske folkemusikken har i grunnskulen i dag.

Oppgåva har eit teoretisk bakteppe, der definisjon av folkemusikk samt musikk og identitet er godt representert.

Undervegs i oppgåva kjem det fram undersøkingar frå to forskjellige skular, samt intervju med ein musikk lærar frå kvar skule

## **Engelsk samandrag (abstract)**

Title: Norwegian folk music in primary school

Author: Malin Aarhus Olsen, 2018

Pages: 31

Key words: Music teaching, Norwegian folk music, methodology

This Bachelor thesis is about the usage of Norwegian folk music in primary school. With the help of a stratified sampling, a school in the city and a school on the country side was chosen for collecting data. The thesis showcases various approaches on how to teach folk music in primary school and sheds a light on the role the Norwegian folk music plays in primary school today.

The Bachelor thesis has a theoretical build up, where the definition of folk music as well as music and identity are thoroughly represented.

Progressing through the assignment there will be presented research from two different schools, as well as interviews with one music teacher from each school.

## Forord

Denne bacheloroppgåva er siste ledd i faglærerutdanninga i musikk, og eg har valt å skrive om noko som står mitt hjarte nært. I løpet av dei siste tre åra har eg vorte meir og meir glad i staden eg kjem frå og den kulturarven som der lever i beste velgåande. Norsk folkemusikk er noko som har vore med meg frå barsel, gjennom taterviser og stev ved sengekanten og felemusikk på 17.mai. Det har difor det vore spennande å sjå på korleis det står til med norsk folkemusikk i grunnskuleundervisninga.

Eg vil takke rettleiar Camilla Kvaal for god hjelp og gode diskusjonar under arbeidet med oppgåva, samt alle lærarane som har vore innom og gjort stort inntrykk gjennom mine tre år på faglærerutdanninga. Takk til Ingeborg Elise Vorkinn som tok seg bryet med å lese korrektur. Tusen takk til mine medstudentar som har vore til stor hjelp som motivatorar og støttespelarar gjennom heile perioden, og ein spesiell takk til heimbygda mi og familien min som gjennom heile livet mitt har eksponert meg for norsk folkemusikk.

*Med her eg sit, ei vise vi eg kvea,*

*Kan hende at du kjenner songen min*

*Eg veit kje om han gjev deg sorg hell gleda*

*Kanskje eg er gladd or hugen din*

*- Straumstøylsvisa*

---

# Innhold

<b>NORSK SAMANDRAG .....</b>	<b>3</b>
<b>ENGELSK SAMANDRAG (ABSTRACT).....</b>	<b>4</b>
<b>FORORD .....</b>	<b>5</b>
<b>INNHALD .....</b>	<b>6</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>9</b>
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA .....	9
1.2 TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	9
1.3 DISPOSISJON .....	10
<b>2. TEORI .....</b>	<b>11</b>
2.1 DEFINISJON AV FOLKEMUSIKK .....	11
2.2 MUSIKK SOM IDENTITETSMARKØR .....	12
2.3 INNLÆRING AV NORSK FOLKEMUSIKK - MUNNLEG TRADERING.....	13
2.4 FOLKEMUSIKKEN SIN Plass I LÆREPLANEN.....	14
<b>3. METODE.....</b>	<b>15</b>
3.1 KVALITATIV OG KVANTITATIV FORSKNING .....	15
3.2 REDGJØRING FOR VAL AV METODE .....	16
3.2.1 <i>Distriktskule</i> .....	16
3.2.2 <i>Byskulen</i> .....	16
<b>4. EMPIRI .....</b>	<b>18</b>
4.1 DISTRIKTSKULEN.....	18
4.1.1 <i>Musikklæreren</i> .....	18
4.1.2 <i>Metodikk – Liv i undervisninga</i> .....	19
4.1.3 <i>Forkunnskaper hjå elevane</i> .....	20
4.2 BYSKULEN .....	22
4.2.1 <i>Musikklæreren</i> .....	22
4.2.2 <i>Metodikk - Fornyng</i> .....	22
4.2.3 <i>Forkunnskaper hjå elevane</i> .....	23
4.3 I MUSIKKUNDERVISNINGA .....	25
<b>5. DRØFTING .....</b>	<b>27</b>
5.1 ELEVANE SIN BAKGRUNN OG IDENTITET .....	27

---

5.2	FORSKJELL PÅ DISTRIKT OG BY .....	28
5.3	KORLEIS OPPFYLLE LÆRINGSMÅLA .....	28
<b>6.</b>	<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>30</b>
	<b>LITTERATURLISTE .....</b>	<b>31</b>
	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>32</b>
	VEDLEGG 1. INTERVJUGUIDE.....	32
	VEDLEGG 2. SPØRREUNDERSØKING HJÅ ELEVANE .....	33





# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Eg har valt å sjå på korleis det vert undervist i norsk folkemusikk i grunnskulen på grunn av egne opplevingar og erfaringar rundt norsk folkemusikk, både i grunnskulen og elles Eg kjem sjølv frå ein stad der folkemusikken og kulturen rundt den står sterkt og har vekse opp med å bli eksponert for norsk folkemusikk både gjennom skulen, familien og kulturlivet rundt heimstaden min. I heimbygda mi vert det alltid spela opp til dans på 17.mai, og på kvart einaste kulturarrangement er det enten nokon med hardingfele eller nokon som kvedar. Allereie i barnehagen tek ungane etter dei eldre og prøvar seg på hallingsteg. Når 17.mai kjem, er det mest morosame ungane veit å kruke rundt på golvet og sjå kven som held seg lengst på føtene. Med dette i bagasjen levde eg i ein illusjon om at alle andre også hadde det slik. At dei fleste ungar rundt i Noregs land hadde kjennskap til norsk folkemusikk på lik linje med meg sjølv og dei eg har vakse opp med. Det fann eg derimot fort ut at var feil da eg sjølv var ute i praksis på ein byskule. Ein dag vart eg sett til å ha kroppsøvningsfaget med ei klasse frå småskulen. I denne klassa hadde eg inntrykk av at elevane hadde stor forståing for musikk. Vi leika frys (når musikken skruvast av må alle stoppe, og dei som ikkje frys går ut) og elevane skulle bevege seg i stil med musikken. Dei hadde svært gode assosiasjonar til kjente sjangrar som rock, pop og klassisk, men da det kom på ein springar vart det full forvirring i salen. Denne klassa hadde ingen eller svært få assosiasjonar til norsk folkemusikk. Etter denne episoden har eg vorte svært interessert i omfanget av norsk folkemusikk i grunnskulen.

## 1.2 Tema og problemstilling

Korleis undervise norsk folkemusikk i grunnskulen?

Norsk folkemusikk er eit spennande tema eg har hatt det moro med å fordjupe meg i. Det å fordjupe seg i folkemusikk handlar like mykje om kulturen rundt som den faktiske musikken. Eg har difor valt å ha eit didaktisk blick på det i oppgåva mi, der eg ser korleis to forskjellige musikk lærarar jobbar med norsk folkemusikk i klasserommet.

## 1.3 Disposisjon

I denne oppgåva vil eg difor leggje fram kva folkemusikk er, litt om folkemusikken sin plass i skulen, folkemusikk og identitet, metodar eg har brukt, og ikkje minst intervju frå to forskjellige faglærar, samt spørjeundersøking frå to forskjellige skular. Til slutt kjem ein drøftingsdel og ei oppsummering av oppgåva.

---

## 2. Teori

### 2.1 Definisjon av folkemusikk

Når ein tenkjer på norsk folkemusikk, tenkjer ein kanskje fort på kulturarv og bygdesamfunnet i Noreg, men vi må ikkje gløyme at det i fyrste rekke er musikk. Likevel kjem det, som i alle andre typar musikk, frå ein stad. Ved å ta eit blikk bakover i tid kan vi betre skjønne kvifor folkemusikken har blitt så viktig for Noreg. Historisk sett har folkemusikkomgrepet vekse fram under romantikken og vart til folkets eigen musikk (Fanitullen, 1993, s. 7). Ragnhild Knutson skriv i kapitlet om norsk folkemusikk i boka *Almenn musikkundervisning* av Sætre og Salvesen at «Ideen var at det fantes en folkets egen musikk - som en motsetning til kunstmusikken. Et lands folkemusikk ble sett på som uttrykk for folkets eller en etnisk gruppes identitet» (Knudsen, 2013, s. 127). I store norske leksikon vert folkemusikk definert slik:

Folkemusikk, den musikk en folkegruppe har gjort til sin egen, til forskjell fra de profesjonelle musikerens kunstmusikk. Begrepet folkemusikk er ideologisk betinget og omstridt og knyttes bl.a. til musikalsk stil, sjanger, funksjon, bruk, traderingsmåte (muntlig overlevering, fremføringspraksis, sosiologiske og etninske kriterier.

Om vi går litt djupare inn i det, kan vi sjå på den norske folkemusikken frå 1800-talet som byggjesteinar i det romantiske bygdenoreg. På denne tida, før, og ennå, var folkemusikken noko folk brukte i festlege lag, i seremoniar og i kvardagen. Mykje av den norske folkemusikken blir difor kalla for bruksmusikk. Den norske folkemusikken vart etter kvart ein sjanger som samla folket og bygde ei heilt ny stoltheitskjensle, og identitet hjå folket i Noregs langstrakte land. Det var bygdenoreg som fekk nyte best av dette. I bygdenoreg vaks det fram ein kultur stoltheit og ny sjølvbevisstheit som ingen før hadde sett maken til. Fjellbonden vert ofte biletet på det nasjonalromantiske under romantikken her i Noreg, noko som har samanheng med det naturdeterministiske synet på den tida. Fjellbøndane var eit fint symbol på det å leva tett med naturen mellom store fjell og vart sett på som eit tappert og fridomelskande folk (Fanitullen, 1993, s. 8), og fjellbonden, ja, han levde i bygdenoreg.

## 2.2 Musikk som identitetsmarkør

Musikk er ein identitetsmarkør hjå dei fleste menneske. Det er ein markør som seier meir enn for eksempel kva slags yrke du har eller kva du kler deg i, og kan vere ein markør som forandrar seg stadig vekk i løpet av livet. Slik sett ber den norske folkemusikken med seg ein tydeleg identitet, da folkemusikken ein ber på også peikar på kvar i landet ein er frå og kva slags tradisjonar ein har vakse opp med. Dette er eit heilt spesielt særtrekk ved den norske folkemusikken og er eit av dei særtrekka ein nyttar når ein skal karakterisere norsk folkemusikk som sjanger. Folkemusikk ber med seg så mykje meir enn bare tonar og tekster; han ber med seg ein heil identitet.

«Identitet dreier seg ikke minst om å oppleve tilhørighet til et bestemt sted. Hvor vi kommer fra og steder vi føler oss knyttet til, synes å inngå som viktige bestanddeler i vårt selvbilde. Vår nasjonstilhørighet er sentral når vi skal summere opp vår identitet, særlig når vi presenterer oss for utlendinger. Ovenfor landsmenn forteller vi hvor vi hører hjemme med hensyn til landsdeler, hvor vi hører til regionalt og lokalt. Å ha røtter et eller annet sted inngår sentralt i den konstruksjonen vi kaller identitet» (Ruud, 1997 s. 157)

I boka *Musikk og identitet* av Even Ruud kan vi lese mykje om korleis musikken og tilhøyring til ein stad er med på å forme kvar og ein sin individuelle identitet. I kapittelet om tidens sted og rom trekker han ofte fram folkemusikken som eksempel på dette. «Vår folkemusikk er full av regionale og lokale særtrekk. Det musikalske råmateriale i folkemusikken er så distinkt at det lett lar seg bruke i etableringen av det nasjonalt særregne» (Ruud, 1997, s. 157). Som tidlegare nemnt har folkemusikken noko heilt spesielt ved seg. Den er ikkje berre tonar og dans, men ein ganske sterkt identitetsmarkør. For mange i distrikta vil nok denne identitetsmarkøren stå sterkare enn i byen, rett og slett fordi mange i bygdenoreg enda ser stor stoltheit i det nasjonalromantiske bilete som vart måla for mange hundre år sidan. Even Ruud trekker fram at musikken er det som hjelper oss ved å finne eit differensiert sjølvbilete, der det er rom for både det kjente og det ukjente (Ruud, s.160). Vi kan også skilje mellom det å bo og høyre til innanfor eit avgrensa område og det å høyre til på ein bestemt plass. Den norske folkemusikken er noko alle i Noreg kan knytte seg til, men marsjen *Bruremarsj frå Seljord* vil gje ein enda meir spesifikk stadsidentitet. Den norske folkemusikken vert ofte knyta opp mot natur, dei høge fjella og det viltre vatnet. Folkemusikken fortel noko om staden den vart skriva på. Mange av oss forbind folkemusikken med nettopp det; naturen og livet rundt, alt som har vore med å påverke ein feleslått til å bli akkurat det den er. «Den regionale musikken kan knyttes opp mot forestillinger om en regional mentalitet, om et mer allment kulturelt særpreg

---

man ønsker å hefte til regionen» (Ruud, 1997, s. 170). Sjølv om Even Ruud skriv mykje om korleis svært mange har ei tilknytning til denne musikken, og at musikken i seg sjølv har ei tilknytning til ein geografisk identitetsmarkør, er det ikkje alle som føler den same musikalske identiteten knyta til norsk folkemusikk. Samfunnet har utvikla seg fort, og vi har kanskje ikkje lenger den geografisk-plasserte musikken med oss frå barnsåra av. «Det er ikke så mange i dag som blir født inn i, overtar og lever sitt liv innenfor en etablert tradisjon. Identitet er frisatt, heter det nå. Vi overprøver tradisjoner som for bare en eller to generasjoner siden var en del av familiens musikalske arv. Når man begynner å grave litt i sin slektshistorie, vil mange av oss finne forfedre med forankring i en eller annen variant av norsk folkemusikk» (Ruud, 1997, s. 171).

## 2.3 Innlæring av norsk folkemusikk - Munnleg tradering

Ei av utfordringane ved å lære seg norsk folkemusikk er at ein stor del av melodiane ikkje er nedskrivne. Her ser vi ein stor skilnad frå den vestlege kunstmusikken, der vi enkelt kan finne noter på nett eller i bøker. Der kunstmusikarar ofte nyttar noter, nyttar folkemusikkarar i dei fleste tilfelle munnleg tradering. Munnleg tradering er når musikken vert overført frå ein person til ein annan berre ved å sjå og lytte.

«Når materialet vidreføres fra person til person uten nedtegnelse kaller vi det for muntlig tradering. Den muntlige traderingen har vært sentral i folkemusikk og tradisjonsmusikk over hele verden. Å lære på øret kan medføre en annen type bevissthet om struktur og innhold i musikken enn læring etter noter, og resulterer i en annen måte å huske musikken på» (Knudsen, 2013 s. 128).

Denne metoden å lære seg musikk på er godt utprøvd, og sjølv om den ikkje er den mest effektive måten å lære seg noko på, får ein eit meir heilskapleg bilete av musikken ein skal lære, med både tonalitet, dynamikk og andre sjangertrekk ein ikkje får om ein berre ser på noter. Knudsen legg også vekt på at vi i nåtidas samfunn kan snakke om munnleg-elektronisk tradert musikk. Ved å bruke lydopptak og video kan ein oppnå mykje av det same som ved å gå til ein læremester. Knudsen seier at dette også gir nytt perspektiv til musikk som uttrykk for lokal identitet: «Vi tenger ikke lenger befinne oss samme sted, og musikken løsrives fra sin opprinnelige kontekst» (Knudsen, 2013, s. 130).

## 2.4 Folkemusikken sin plass i læreplanen

Norsk folkemusikk har lenge hatt plass i læreplanen, men det er fortsatt spennande å sjå på omfanget. Om vi legg LK06 til grunn, kan vi sjå at det gjentatte gonger blir lagt vekt på blant anna folkemusikk frå andre land, og spesielt samisk folkemusikk. Det einaste som er målfesta om norsk folkemusikk, er «danse et utvalg norske og internasjonale folkedanser» og «gjenkjenne norsk og samisk folkemusikk og folkemusikk fra andre kulturer» etter 4. årstrinn, «diskutere særtrekk ved kunstmusikk, norsk og samisk folkemusikk, folkemusikk fra andre land og rytmisk musikk» etter 7. årstrinn, «diskutere særtrekk ved rytmisk musikk, kunstmusikk og norsk, samisk og andre kulturers folkemusikk og gjøre rede for egne musikkpreferanser» og «gjøre rede for hvordan musikk gjenspeiler trekk ved samfunnsutvikling og ungdomskultur og hvordan dette kan komme til uttrykk gjennom ulike former for rytmisk musikk, kunstmusikk og norsk, samisk og andre kulturers folkemusikk» etter 10. årstrinn (Utdanningsdirektoratet, 2018). Dette er alle læringsmåla som spesifikt tar for seg norsk folkemusikk.

Det er svært mange læringsmål som kan opne opp for å få meir norsk folkemusikk inn i grunnskulen om dette er målet. Under komponering kan ein fint lage ein trommeslått i staden for ein hiphop-beat for eksempel, noko som gjer musikk læraren stort rom til å bruke den musikken ho eller han føler seg trygg på. Mitt inntrykk frå praksis og besøk hjå forskjellige skular er at folkemusikk gjerne er noko lærarane føler seg litt utrygge på om dei ikkje har vakse opp med det eller har ei spesiell interesse. På grunn av dette kan det vere ganske høg terskel for å gå inn i eit klasserom og undervise i norsk folkemusikk.

«Folkemusikk er en av sjangrene det forventes at en musikk lærer i skolen skal kunne undervise. Samtidig framstår norsk folkemusikk for mange som en sjanger som ikke er så lett tilgjengelig. Folkemusikk er i mange tilfeller med på å markere identitet for en gruppe mennesker, og blir ofte oppfattet som tilhørende denne gruppen. For folk som ikke kjenner musikken som sin egen, kan dette kjennes som en terskel en må over» (Knudsen, 2013, s 126)

Om den norske folkemusikken skulle hatt meir plass i læreplanen, er ein diskusjon denne oppgåva ikkje har plass til, men det er heilt sikkert at vi burde bevare dei læringsmåla vi har. Korleis ein musikk lærar kan løyse dette kjem eg inn på seinare i oppgåva.

---

## 3. Metode

I mi bacheloroppgåve har eg valt å bruk både kvalitativ og kvantitativ forskning. I denne delen vil eg legge fram kvifor eg har valt å bruke begge desse forskingsmetodane og korleis eg har gjort det. Først ei kort omgrepsforklaring på metode og kvalitativ og kvantitativ forskning.

«Metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Vilhelm Aubert, 1985, s. 196). Dette sitatet nyttar Olav Dalland som opningssitat i kapitelet om metode i boka *Metode og oppgaveskriving*. Han legger fram at metode kan fortelje oss korleis vi skal gå fram for å finne informasjon og etterprøve kunnskap (Dalland, 2015, s. 111). Det vil sei at metode er den vegen vi vel å gå for å komme til målet vårt og er eit reiskap vi nyttar for å få tak i den kunnskapen som er nødvendig for forskinga vår. Dei to vanlegaste metodane å bruke er kvalitative og kvantitative metodar.

### 3.1 Kvalitativ og Kvatitativ forskning

Dei kvantitative metodane går ut på datamåling, altså resultat vi kan måle i tal. Det vil sei undersøkingar, konkrete eksperiment og liknande. Tala vi får fram gjev oss moglegheita til å rekne ut eit svar utan å blande inn subjektive meiningar. Dette er ein svært fin metode å bruke om vi skal komme fram til noko konkret og ynskjer eit talfast resultat. (Dalland, 2015, s. 112). Den kvantitative metoden blir ofte brukt om ein for eksempel skal finne ut kor mange studentar som er fornøgde med studiet dei går på. Om ein gjev eit enkelt ja-/nei-spørsmål, vil ein fort kunne rekne ut ein prosentdel og få eit synleg resultat.

Dei kvalitative metodane tar sikte på å fange opp meir enn det tal kan vise. Med dei kvalitative forskingmetodane kan vi få med oss meining og oppleving, samt ei større situasjonsforståing. Der dei kvantitative metodane går i bredda, går dei kvalitative metodane meir i dypta. Dei kvalitative metodane gir oss eit betre heilskapsinntrykk og forståing av det som skal undersøkjast (Dalland, 2015, s. 113). Den kvalitative forskinga er ofte intervju eller observasjon og andre metodar der det foregår ein relasjon mellom menneske. Sjølv om forskaren her kanskje får eit djupare inntrykk krev det meir av forskaren. Resultat av desse kvalitative metodane må ofte tolkast og vil difor også pregast av forskarens personlege relasjon til intervjuobjektet, og forskarens evne til å tolke resultat på ein objektiv og reel måte (Dalland, 2015, s. 114)

## 3.2 Redgjøring for val av metode

I mi bacheloroppgåve såg eg det svært hensiktsmessig å bruke både kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode. Eg har intervjuet to musikk lærarar og hatt ei spørjeundersøking i to forskjellige klasser på barneskulen. Dei to skulane eg har valt meg ut, ein byskule og ein distriktskule, er valt for å få eit større omfang. Dette vert kalla for stratifisert utval. Stratifisert utval er å velje ut kven som får delta i ei undersøking på grunnlag av visse variablar. Dette kan vere basert på kjønn, alder, bustad og andre markante variablar. Denne måten å gjere ei undersøking på er god å bruke om ein skal trekke ut eit relativt avgrensa utval av deltakarar (Befring, s. 128). Ved å gjere dette får eg ei breiare forståing og eit større bilete av korleis det eigentleg står til med den norske folkemusikken i grunnskuleundervisninga og korleis det vert undervist. Eg valde å intervjuet lærarar for å kunne bruke sitat og kanskje finne nokre undervisningsopplegg som kunne illustrere korleis dei brukte folkemusikken i skulen, samt få eit bilete av musikk læraren sitt eige personlege forhold til norsk folkemusikk.

På grunn av forskjellige omstende vert undersøkinga hos elevane gjennomført forskjellig på distriktskulen og byskulen

### 3.2.1 Distriktskule

Før eg intervjuet læraren gjorde eg ei spørjeundersøking i klasserommet, høvesvis på 6.trinn, der elevane svarte på fem konkrete spørsmål. Eg valde denne forma for metode på elevane, da det vil vise eit meir reelt resultat enn om eg skulle intervjuet eit par stykk. Spørjeundersøkinga forgjekk på den måten at elevane fekk kvart sitt spørsmålsark og ein blyant. Akkurat som det var ei prøve vart elevane bede om å sita litt frå kvarandre. Dei fekk beskjed om å svare det fyrste dei tenkte og ikkje vere redd for at noko var rett eller galt. Deretter spela eg av Norefjellsmarsjen og lot dei svare mens musikken gjekk i bakgrunnen. På denne måten følte eg at eg fekk fram dei mest reelle resultatene, og eg unngjekk også at læraren gjekk rundt og påverka elevane til å svare enten det eine eller det andre.

### 3.2.2 Byskulen

På grunn av knapt med tid og lang reiseveg valde eg det nest beste alternativet da eg gjorde undersøking på byskulen. Her gjorde eg spørjeundersøkinga elektronisk ved hjelp av SurveyMonkey, ei nettside der ein kan lage spørjeundersøkingar og få analyse av resultatene. Her vart læraren som skulle vere i klasserommet godt informert om korleis undersøkinga



skulle foregå og vart også beden om å ikkje hjelpe elevane – nett som på distriktskulen. Dei elevane som tok spørjeundersøkinga elektronisk, måtte svare på alle spørsmåla for å komme seg vidare til neste, og eg la difor til svaralternativet «Eg veit ikkje». Slik får eg same resultat frå byskulen og distriktsskulen. Der elevane ved distriktskulen ikkje har svart, er det naturleg å tenkje at dei ville svart «eg veit ikkje».

Eit spørsmål som også vart stilt var om elevane kjente nokon som spela slik musikk. I ettertid ser eg at dette spørsmålet burde vore endra på grunn av misforståing blant elevane. Ved dette spørsmålet tenkte elevane først og fremst på dei veldig nære vennene og familie og ikkje noko vidare utover dette. Her burde eg ha spurt «Veit du om nokon som spelar slik musikk?» eller «Kjenner du til nokon som spelar slik musikk?». Denne problemstillinga gjaldt både for by- og distriktskule.

## 4. Empiri

### 4.1 Distriktskulen

#### 4.1.1 Musikk læreren

Musikk læreren eg intervjuar ved distriktskulen underviste primært 6.- og 7.trinn i musikk, men hadde også andre fag og klasser. Denne læreren hadde vanleg almen almennlærerutdanning og 45 studiepoeng i musikk, derav 15 studiepoeng var folkemusikk. Da eg spurde om lærerens personlege forhold til folkemusikk, var det tydeleg at dette etter kvart hadde blitt ein stor del av kvardagen. «Eg er veldig glad i norsk folkemusikk og likar godt å både synge og danse. Eigentleg spelar eg også, men det har eg lagt litt på hylla. Vi har eit veldig aktivt folkemusikkmiljø rundt her, med tusseleiken og juniorspelemannslaget, som gjer at ungane og oss vaksne vert eksponert mykje for folkemusikk. Folkemusikken vert brukt på 17.mai, på dyrkun og på andre arrangement. Det er nok noko vi er litt ekstra stolte av her og ynskjer å vise fram». Musikk læreren fortel vidare om korleis folkemusikken har påverka musikk læreren sin eige oppvekst. «Eg hugsar veldig godt at dei heime høyrde på folkemusikktimen på radio, men på den tida syntest eg det var kjedeleg med felemusikk. Noko av problemet var at eg var usikker på når han var ferdig med å stemme, og når han faktisk begynte å spele slåttan. Etter kvart har dette snudd, og det har nok noko med at begge ungane mine er aktive i folkemusikkmiljøet. Gjennom det har eg også lært meg å danse folkedans».

Det er svært tydeleg at denne musikk læreren er trygg på å undervise i norsk folkemusikk og hadde eit klart svar da eg spurte kva som vart lagt vekt på i undervisninga. «Eg legg vekt på opphavet, altså kriterium for at det er folkemusikk. Det er berre tradisjonen som har tatt denne musikken med seg, og at det ikkje alltid er noko namn på kven som for eksempel har skrivt slåttan. Dette snakkar vi mykje om; at folkemusikken har blitt vidreformidla frå generasjon til generasjon, og kan ofte forandre seg. For å illustrere dette viser vi ofte fram songen *tordivelen og flua*. Da viser vi den dei fleste er kjend med, den frå Alf Prøysen, og så viser vi ein variant som kjem frå Høydalsmo med litt meir folkemusikkpreg over. Vi nyttar både instrumental folkemusikk og vokal folkemusikk i undervisninga, og det er viktig for meg at elevane veit at det finnast både bruksmusikk og lyttemusikk i den norske folkemusikken».

---

### 4.1.2 Metodikk – Liv i undervisninga


I intervjuet mitt brukte eg mykje tid på å spørje om kva for undervisningsopplegg musikk læraren nyttar for å lage gode timar til elevane sine. «Vi har eit veldig morosamt opplegg der vi nyttar *Fanitullen* med Knut Buen. Det som er så spennande med den er at det er ein lydarslått, slik at vi kan dramatisere og lære historia bak.» Musikk læraren fortel vidare om korleis dei nyttar god tid på å gå gjennom kva ein lydarslått (ein slått som er meint til å lytte til, i motsetning til ein springar som er ein bruksslått) er, og jobbe med historia bak akkurat denne lydarslått. Dette bringer fram ein heilt eigen gnist hjå elevane, og eit nærare forhold til slåtten. Denne musikk læraren har også jobba mykje med slengestev (Stev som vert brukt som motsvar slik som rappen vert brukt i batteling), der elevane har laga sine egne stev. Her bruka dei ein tradisjonsmelodi og skreiv eigen tekst. «Vi har gjerne tatt det stevet *eg kjenner far din* og laga egne stev. Slik får dei jo eit mykje nærare bilete av folkemusikken, og i denne situasjonen slengestev. Det blir som ein type rapbattle som både er artig for elevane men også læreren som underviser».

Dansen står framleis sterkt i musikkundervisninga på denne skulen, og når eg spør om denne læraren kan trekke fram undervisningsopplegg som var særst vellukka, vel musikk læraren å legge vekt på dansen. Dei dansar springar, gangar og halling, og sistnemnte er noko dei fleste elevane får til og likar å drive på med. «I hallingdansen er det ein del utfordringar, som kruking og bjønnetak. Dette syns elevane er spesielt morosamt». Musikk læraren nemner også andre vinklingar for å lære seg norsk folkedans. For mange elevar kan det vere ei utfordring å danse til feleslåttar, rett og slett fordi det er ukjent, og det er vanskelegare å få tak i rytmen. Det denne musikk læraren da har gjort er å finne musikk med ein meir tydelegare rytme, og gjerne noko elevane kjenner frå før. «Det gjeng veldig fint an når ein skal danse gangar å bruke noko anna enn heilt typisk felemusikk, som Bruce Springsteen for eksempel. Da er det tydelegare rytme, og litt lettare for dei å lære sjølv dansen. Så eg nyttar jo også slik musikk som Åsmund Nordstoga spelar, han har og litt tøffe ting som me kan danse til og bruke i undervisninga. Da ser eg ungane syntest det er tøft, og ein høyrer jo det at det fenger». Avslutningsvis spurde eg denne musikk læraren om det var nokon utfordringar da det gjaldt desse undervisningsopplegga, og da trekte musikk læraren ut spesielt ein faktor, uro. «Det blir jo meir styr og herjing nokon gonger når vi for eksempel skal danse halling. Etterkvart så veit ein veldig godt kva fallgruvane kan vere, så ein må vere i forkant. Det å vere eleine å danse

er mykje meir utfordrande enn å være to. Når ein er to kan den eine instruere og danse, og den andre kan hjelpe dei som slit med eit eller anna som gjerne går på disiplin. Det som er typisk er at når ein driv på med halling, er det veldig morosamt å sparke den framfor i rumpa, eller late som ein dett og slær seg. Da må ein vere litt i forkant å legge nokon grunnreglar før ein startar. For eksempel kan ein seia at dei beste dansarane held seg på beina, da blir det lite kult å tulle og falle».

### 4.1.3 Forkunnskaper hjå elevane


Etter undersøkinga og intervju med musikk lærar hadde eg inntrykk av at denne klassa hadde gode forkunnskaper da det gjaldt norsk folkemusikk. Musikk læraren nemnde gjentatte gonger at dette hadde mykje med kulturlivet rundt å gjere, og at dei heile tida hadde innom lokale aktørar. «Vi har også hatt besøk av meir eller mindre lokale utøvarar som Ola Sem, Bjørnar Heimdal, Sigbjørn Rua, Ragnhild Knudsen, Sara Telnes Fjågesund og Lars Ingar Meyer Fjell. Dei tre siste har kome for å marknadsføre spelemannslaget, og har spela slåttar for oss, og har fortalt historia bak». Om vi ser på spørjeundersøkinga, er det mykje som kan vise til at borna har gode forkunnskapar, og heile 80 prosent av klassa svarer at dei har høyrte norsk folkemusikk før. På spørsmålet om kvar dei har høyrte dette er det mange som svarer dei har høyrte det på skulen, men vi ser også at internett og heimen har vore ein formidlar i norsk folkemusikk. På svaralternativet «anna» fekk elevane mogelegheit til å skrive kvar dei hadde høyrte det, og der peika dei ofte på ting som er tufta på det lokale kulturlivet.



Figur 1.1


Figur 1.2

På spørsmålet «kva slags sjanger er dette?» var klassa delt. Dei hadde god forståing om kva ein sjanger var, noko eg dobbeltsjekka med læraren slik at det ikkje skulle bli forvirring rundt spørsmålet. Det var likevel spennande å sjå at nokre av elevane trekte assosiasjonar til vestleg klassisk musikk.



Figur 1.3

På spørsmålet «kjenner du nokon som spelar slik musikk?» var det mange av elevane som svarte ja, og overraskande mange svarte nei. I denne klassa vart eg informert av musikk læraren om at to av elevane spela hardingfele, og slik vil alle i klassa kjenne til nokon som spelar folkemusikk. Dette er ei svakheit med kvantitativ forskning, spesielt hjå born. Vi kan få svar som er differensiert frå verkelegheita. Eg vel likevel å ta dette spørsmålet med, da eg finn det interessant å sjå at godt over halvparten av elevane svarte at dei ikkje kjente nokon som spela slik musikk.



Figur 1.4

## 4.2 Byskulen

### 4.2.1 Musikk læreren

Musikk læreren eg intervjuet på byskulen underviser mellomtrinnet, men er også innom småtrinnet nokre gonger. Denne musikk læreren har ein master i musikkvitenskap frå NTNU og har lenge hatt musikk som interesse. «Før jeg tok master har jeg gått musikklinja på vgs. og et år på musikkdramalinja på Viken folkehøyskole. Jeg har hovedsakelig bakgrunn innenfor rytmisk musikk, jazz/pop osv. Hovedinstrument sang, men spiller også mye piano, samt diverse bandinstrument (bass, gitar, ukulele, trommer) på varierende nivå. Har også spilt i korps i barndommen, og sunget mye klassisk i kor». Musikk læreren seier sjølv at folkemusikk er noko musikk læreren ikkje har så mykje erfaring med, men at interessa har vekse fram dei siste åra. «Jeg kan dessverre lite om norsk folkemusikk, men interessert i å lære mer. Gjennom utdanninga har jeg jo litt, og jeg husker vi danset noe folkedans på musikklinja på vidregående. De siste årene har interessen for den norske tradisjonsmusikken imidlertid tatt seg opp. Som sanger er det hovedsakelig vokalmusikken jeg søker etter. Gjerne barnesanger, som fungerer på barneskolen». Sjølv om musikk læreren seier at folkemusikk ikkje er heilt «min musikk», har musikk læreren aldri hatt noko problem med å få elevane til å respondere på stoffet. Musikk læreren har gode erfaringar, og elevane syntes musikken er spennande. «Det er jo mange fine melodier, og vi jobber jo veldig aktivt med sangene. Det blir jo veldig sånn kreativ tilnærming. Ikke museum, liksom. Denne uka jobbet vi med reinlender. Jeg skriver alltid på tavla hva vi skal jobbe med, og denne uka sto det: “norsk folkedans: reinlender” på tavla, og elevane bare ‘ja! så kult!’»


### 4.2.2 Metodikk - Fornyning

Også i dette intervjuet brukte eg tid på å spørje om kva for undervisningsopplegg musikk læreren nyttar for å lage gode timar til elevane sine, og denne musikk læreren valde å fortelje om ein time som gjekk spesielt bra, og som musikk læreren hugsar tilbake på med glede. «For ikke lenge siden lærte vi å danse reinlender på 7.trinn, og elevane var svært entusiastiske da jeg sa vi skulle danse. Vi har nesten ikke danset i år, og vi har jobbet veldig mye med komposisjon og samspill i det siste, så elevane var veldig klare for å holde på med folkedans. Jeg startet med å vise trinne, sakte, uten musikk. Så øvde vi på å gå i trinnene i ring, en og en,

uten musikk. Etter dette satte jeg på musikk, og vi fortsatte å øve en og en i ring. Når elevene følte seg trygge på dansen gikk de sammen i par. Etter at vi var ferdige med å danse, satte vi oss ned og snakket litt om musikken, og instrumentene. Jeg brukte musikk med fele og trekkspill, vi snakket litt om det. Det var veldig artig og gøy! Elevene så ut til å både like musikken, og å danse. Det var ekstra kult å oppleve at guttene var så entusiastiske, det var fullt fokus og smil hele veien». Musikk læreren trekker også fram tidlegare undervisningstimar der fokuset har vore å gje grunnlag for vidare musisering. «Jeg er opptatt av å bruke gamle folkesanger, og leter gjerne opp gamle sanger i folkemusikktradisjonen. Jeg bruker for eksempel *såg du noko til kjerringa mi, hanen stend på stabburshella og kråkevisa*. Da har jeg valgt å bruke dem som grunnlag for vidare musisering. Vi har lagt på bodypercussion, laget ostinater som har fungert som flerstemmighet, sunget kanon og spilt i band. *Kråkevisa* dramatiserte vi med ukuleleorkester, band og boomwhackers, og diverse perskusjon. *Per Spelemann* og *Kjerringa med staven* er glimrende ett-greps-sanger til nybegynner-ukulele».

### 4.2.3 Forkunnskaper hjå elevane

Trass i at musikk læreren på byskulen fortalde at elevane ikkje hadde hatt så mykje folkemusikk på skulen, hadde elevane likevel gode forkunnskaper. 54 prosent av klassa svarte at dei hadde høyrte denne type musikken før, kvar er litt usikkert. Musikk læreren seier at dette vart diskutert litt i klasserommet etter undersøkinga, «Det var mange av dem som følte de hadde hørt denne musikken på TV, eller noe som ligna. Mange trakk frem *Jul i svingen* som eksempel, noe som absolutt ikke var helt på jordet». I likskap med distriktskulen var det stor variasjon på kvar elevane hadde høyrte denne musikken. Det einaste som var den store skilnaden, var at under svaret «Anna», kom det fram ting som TV i staden for konsertar og det som høyrte til det lokale kulturlivet.



Figur 2.1


Figur 2.2

Elevane på byskulen scora også høgare enn distriktskulen når det vart spurt om kva slags sjanger den avspela musikken var.



Figur 2.3

Spørsmålet om elevane kjente nokon som spela norsk folkemusikk var også ganske likt, bortsett frå at det ikkje var nokon på byskulen som svarte at dei ikkje visste.



Figur 2.4



---

## 4.3 I musikkundervisninga

I kapittelet *Norsk folkemusikk – Tradisjoner og terskler* i boka *Almenn musikkundervisning* av Sætre og Salvesen, skisserer Knudsen opp fire forskjellige tilnærmingar ein kan ha til norsk folkemusikk i klasserommet. «folkemusikkens lokale tilknytning, dens bruksfunksjon samt muntlig tradering som læremetode er viktige aspekter ved sjangeren. Istede for å se på dette som hindringer kan man se det som mulige tilnæringsmåter i arbeidet med folkemusikk i skolen» (Knudsen, 2013, s. 131). Her har Knudsen rett og slett laga ei rettleiing inn mot faget slik at terskelen for å undervise i norsk folkemusikk kan bli lågare. Eg har valt å ta med to av desse tilnærmingane.

Den fyrste tilnærminga ho trekker fram er folkemusikk og sted – lokalt utgangspunkt. Ho seier at den lokale stadstilknytninga kan være eit utgangspunkt for å leite opp folkemusikk (Knudsen, 2013, s. 131).

«Arbeidet med folkemusikk kan være en nøkkel til lokalmiljøet. En oppgave kan være å undersøke i nærområdet om det finnes folk en kan lære av. Dette kan være ett utgangspunkt enten det er et typisk folkemusikkområdet eller ikke. Elevene kan få i oppgave å kontakte eldre slekninger og lære av dem. Den muntlige innlæringsprosessen kan i beste fall bli en ny kontaktfom mellom folk i uliv livssituasjon» (Knudsen, 2013 s. 132).

Ved at elevane får i oppdrag å finne folkemusikk i sitt nærmiljø og kanskje dra tidlegare generasjonar, som besteforeldre, inn i arbeidsprosessen, kan det gje borna ei heilt spesiell tilknytning til norsk folkemusikk og også gjera skilje mellom generasjonane mindre. Knudsen nemner også at norsk folkemusikk er eit tema i musikkundervisninga det passar seg ypparleg å jobbe tverrfagleg med. «Gjennom undersøkelse av folkemusikk i lokalmiljøet, fokus på musikk bakover i tid og fokus på folkemusikkens stedstilknytning kan arbeidet knyttes til andre fagområder, f.eks historie og geografi» (Knudsen, 2013 s. 132).

Den andre tilnærminga er bruksfunksjon/dans. Her snakkar Knudsen om at musikk og dans alltid har hatt ein spesiell funksjon knyta til seremoniar, arbeid og andre aktivitetar. «Det meste av den instrumentelle norske folkemusikken er i utgangspunktet dansemusikk. Dansen er ofte den beste måten å komme på innsiden av musikken på, og en viktig metode for å lære rytmene i de ulike folkemusikk-dialektene» (Knudsen, 2013, s. 133). Det å danse kan vere ein høg terskel for mange, sjølv musikklærarar, og da anbefaler Knudsen å ta inn andre utøvarar. «Om

ikke læreren føler seg kompetent som danseinstruktør er det vesentlig at man får hentet inn resurser utenfra. Da kan læreren i neste omgang undervise i dans selv!» (Knudsen, 2013, s. 133). Ho skisserer også ei oppgave elevane kan få, der dei reflekterer over sin eigen bruk av musikken og korleis deira bruk av musikk har endra seg ifrå tidlegare generasjonar. Det å lære om bruksmusikk, slik mykje av norsk folkemusikk er, kan inspirere til vidare medvit rundt elevane sin generelle bruk av musikk (Knudsen, 2013, s. 134).

---

## 5. Drøfting

I min drøftingsdel vil eg spesielt sjå på korleis elevane sin bakgrunn kan påverke undervisninga, samt korleis vi kan oppfylle læringsmåla. Det er viktig å legge vekt på at oppgåva berre belyser to forskjellige skular sine verkelegheit, og gjeld ikkje nødvendigvis for alle.

### 5.1 Elevane sin bakgrunn og identitet

Tidlegare i oppgåva drog eg fram eit sitat av Even Ruud der han seier at vi alle vil ha forfedrar som har ei eller anna forankring i norsk folkemusikk. I ei slik blandingsklasse som vi ofte finn i større byar, er ikkje dette ei sjølvfølge. Ja, elevane vil nok alltid finne ein type folkemusikk, men ikkje nødvendigvis den norske.

Musikklæraren på byskulen fortalde at ho hadde ei svært blanda klasse med fleire forskjellige etnisitetar. Dette kunne nok mange ha opplevd som ei utfordring da ein skulle lære bort norsk folkemusikk, men denne musikklæraren har klart å snu det. Musikklæraren fortel at det var først da ho begynte å jobbe med framandspråklege elevar at musikklæraren sjølv fatta interesse for den særeigne norske folkemusikken. «Jeg arbeider mye med minoritetsspråklige og nyankomne barn, blant annet gjennom fargespill, og i møte med all den flotte tradisjonsmusikken de har tatt med seg hit, har jeg blitt veldig interessert i den norske tradisjonsmusikken. Jeg ønsker liksom å finne fram det fineste vi har å by på fra vårt hjemland for å dele med dem som har kommet til oss.» Musikklæraren opplever stor interesse frå elevane når det gjeld norsk folkemusikk, kanskje nettopp fordi musikklæraren her har laga eit rom der alle elevane kan dele sin kultur med resten. Denne musikklæraren seier at sjølv om vekt i undervisninga ligg på den norske folkemusikken, er det alltid morosamt at elevane med forskjellig etnisitet kan samanlikne den norske folkemusikken med sin eigen og vise dette for resten av klassa.

Musikklæraren på distriktskulen fortel om stoltheita som ligger i den norske folkemusikken, og at mange av borna framleis opplever dette. I denne klassa var det berre ein elev med annleis etnisitet enn dei andre, og i samtale med denne eleven kunne sjølv han fortelje at han hadde høyrte slik musikk før; «alle spelar det jo». Denne eleven var meir observant på kor den norske folkemusikken vert spela og kor ofte han hadde høyrte det. Ein grunn til dette kan vere at elevane som har vakse opp med det ser den norske folkemusikken som noko som berre er der,

mens elevar med ein annan etnisitet enn norsk kanskje legg merke til det fordi det er annleis enn den musikken vi ofte høyrer på til vanleg.

## 5.2 Forskjell på distrikt og by

Min hypotese da eg starta på denne oppgåva, var det det ville stå betre til med folkemusikken i distriktet enn i byen. Ikkje berre på grunn av lokalmiljøet rundt, men på grunn av interesse blant musikklærarane. På bakgrunn av dette var eg sikker på at elevane i distriktet hadde betre forkunnskapar, samt at lærarane hadde ei meir positiv innstilling til norsk folkemusikk. Mine tankar om temaet viste seg derimot å vere feil. Det var ikkje dei store skilnadane mellom by- og distrikt-elevane når det gjaldt forkunnskapar og begge lærerane eg intervjuar var positive, og syntest at norsk folkemusikk var eit tema det var moro å undervise i. Den einaste store skilnaden var kvar elevane hadde høyrte denne musikken før. På byskulen var det mange som følte dei hadde høyrte den på TV, mens elevane på distriktskulen svarte at dei hadde høyrte den på kulturskulekonsertar, på 17.mai, og gjennom tusseleiken. Byskulen scoret også høgare enn distriktskulen på spørsmålet om sjanger. Om vi ser på resultata og slår saman svaralternativa folkemusikk og feleslått, ser vi at det er ganske likt på figur 1.3 og figur 2.3. Dei elevane som svarte feleslått hadde jo heilt riktig, men sjangeromgrepet vart ikkje oppfylt.

## 5.3 Korleis oppfylle læringsmåla

I samheng med dei fire tilnærmingane Knudsen skisserer opp, og dei to eg har valt å ta med, har ho også nemnt kva for læringsmål som kjem inn i desse. I tilnærminga der ho snakkar om bruksfunksjonen til folkemusikk, trekker ho fram læringsmål frå både 2., 4. og 7. årstrinn. Etter 2. trinn står det i læreplanen; «samtale om egen bruk av musikk og egen musikksmak» (Udir, 2018). Dette målet får ein dekt deler av om ein i klasserommet snakkar om kva musikken vert brukt til før og kva den vert brukt til nå. Etter 4. årstrinn står det «gjøre rede for egne musikkopplevelser, om ulike bruk av musikk og ulike funksjoner musikk kan ha» og etter 7. trinn «gi uttrykk for egne vurderinger om hvordan musikkens bruk og funksjon har endret seg gjennom tidene» (Udir, 2018). Alle desse læringsmåla er mål ein ikkje nødvendigvis tenkjer på at ein kan få dratt inn i undervisninga om norsk folkemusikk. Vi har sjølvsagt også læringsmåla der norsk folkemusikk er nemnd spesifikt, men eg synas det er ekstra spennande å sjå korleis Knudsen trekker fram læringsmåla som handlar om lytting og samtale rundt

---

emnet. Dette gjeld også for undervisningsopplegga som musikk lærarane i intervjuet har skissert opp.

## 6. Oppsummering

Det å utforske omfanget av folkemusikk i grunnskulen har vore både spennande og lærerikt. Gjennom møte med lærarar, elevar og relevant litteratur har eg funne nye måtar å arbeide med folkemusikken i grunnskulen på. Dette er noko eg håpar fleire musikk lærarar vil ta nytte av i framtida, inkludert meg sjølv.

Denne oppgåva hadde både eit profesjonsretta og personleg preg, og sjølv om eg hadde klare formeiningar om at elevar ved distriktskulen lærte meir om norsk folkemusikk på grunn av egne erfaringar, vart eg positivt overraska over at dette ikkje nødvendigvis var sanninga. Begge musikk lærarane eg intervjuar la mykje vekt på folkemusikken i undervisninga og hadde gode og kreative opplegg å legge fram. På bakgrunn av den informasjonen eg har innhenta til denne oppgåva, ser det lyst ut for den norske folkemusikken.

Kvar og ein får sjølv bestemme kor viktig den norske folkemusikken er i skulen, og i si undervisning. Med grunnlag frå mi forskning er det derimot sikkert at alle på ein eller annan måte har ei tilknytning til folkemusikk, og kjenne ein stoltheit og ei identitetskjensle når dei får sjansen til å lære meir om musikken frå deira heimstad. Eg håpar denne oppgåva kan være med å senke terskelen som nokon musikk lærarar kjenner på når dei skal undervise i norsk folkemusikk og opnar opp for å sjå på folkemusikken som framleis levande musikk.

---

## Litteraturliste

Aksdal, B. & Nyhus, S. (Red.). (1993). *Fanitullen – innføring i norsk og samisk folkemusikk*.

Oslo: Univesitetsforlaget

Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Knudsen, R. (2013). Norsk folkemusikk – tradisjoner og terskler. I J. Sætre & G. Salvesen (Red.), *Almenn musikkundervisning* (1. utg). Oslo : Gyldendal Akademisk

Ruud, M. (1997). *Musikk og identitet*. Oslo: Universitetsforlaget

Store norske leksikon. (2015). *Folkemusikk, 2018*. Henta frå <https://snl.no/folkemusikk>

Utdanningsdirektoratet. (2018). *Læreplan i musikk, 2018*. Henta frå <https://www.udir.no/kl06/MUS1-01>

## Vedlegg

### Vedlegg 1. Intervjuguide

Kva for klasstrinn underviser du?

Kva for bakgrunn har du innan musikk? (utdanning, samt fritid)

Kva for forhold har du til norsk folkemusikk?

Kor mykje tid sett du av til å undervise i norsk folkemusikk?

Kva legg du vekt på når du underviser om norsk folkemusikk?

Korleis responderer elevane på temaet norsk folkemusikk i musikkundervisninga?

Er norsk folkemusikk eit musikkområde du føler deg trygg på?

Kan du fortelle om ein undervisningstime som var særst vellukka?

Kan du fortelle om ein undervisningstime som ikkje gjekk så bra?



---

## Vedlegg 2. Spørreundersøking hjå elevane

Har du høyrte denne type musikk før?

- Ja
- Nei

Kvar har du høyrte dette før?

- Skule
- Heime
- Internett
- Anna : \_\_\_\_\_

Kjenner du nokon som spelar slik musikk?

- Ja
- Nei

Kva tenkjer du når du høyrer denne musikken?

---

Kva for sjanger er dette?

---